

Protokoll for oppmålingsforretning etter lov om eiendomsregistrering (Matrikkellova)

Journalnr
20162495Oppdragsnr
2016076

Matrikkeletat				
Kommune	K.nr	Adresse	Postnr	Poststad
Meland kommune	1256	PB. 79	5906	Frekhaug

Matrikkeleining					
Gateadresse	Gnr	Bnr	Fnr	Snr	Registrert eigar/festar
Husebøvegen 54	54	1	0	0	HUSEBØ BERNT JOHAN (Hjemmelshaver)

Om oppmålingsforretninga

Forretninga avvikla:	Dato	Kl	Stad
	16.01.2017	09.30	På parsellen

Forretninga gjeld oppretting av matrikkeleining

Grunneigedom Festegrund Anleggseigedom Uteareal eigarseksjon

Forretninga gjeld registrering av eksisterande grunn

Grensejustering Klarlegging av eksisterande grense Nymerking av eksisterande grense Registrering av ureg. jordsameige Matrikulering av umatrikulert grunn

Arealoverføring Anna

Forklaring
Frådeling av parsell til utbyggingsområde

Saks- behandling	Løyvedato	Dato for fullstendig rekvisisjon	Pårekna dato for fullført matrikulering
	22.11.2016		
Rekvirent HUSEBØ BERNT JOHAN			Rekvisisjonsdato 05.10.2016

Habilitet

Landmålararen sitt namn
Per Atle Sæle

Landmålar orienterte partane om det låg føre forhold av personleg eller økonomisk art som kunne tilseia inhabilitet.

Hadde nokon av partane merknader/innvending til gjennomføringa av forretninga? Nei Ja (jfr. vedlegg)

Varsling og oppmøte

Varslet om oppmålingsforretning inneheld ei liste over dei personane som var varsla, deira partsstilling, varslingsdato og varslingsmåte. Under forretninga vart det oppmoda om å stadfesta sitt fram møte ved underskrift på lista og framsyning av legitimasjon. (Jfr. vedlegg).

Ev. merknader til varslinga

Saksdokument - bakgrunn for forretninga

	Forklaring	Journalpost nr	Vedlegg nr	Urelevant
Søknad etter pbl				X
Vedtak (tillatelse) etter pbl				X
Rekvisisjon av oppmålingsforretning				X
Varsel om oppmålingsforretning				X
Situasjonskart og situasjonsplan				X
Konsesjonsdokument				X
Servitutt				X
Uttalelse/tillatelse fra andre myndigheter				X
Avtaler				X

Omtale av grenser, grensemerke, inngåtte avtaler, skiltsdom, påstandar frå partane m.m.

Pkt.nr	Type merke	Status	Punkt godkj. av partane	Partspåstandar (journalpost/ vedl.nr.)	Skiltsdom/forlik (journalpost/ vedl.nr.)
83-1	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			
83-2	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
83-3	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Jordfast stein	Eksist. grense nedsatt på nytt			
24-1	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
24-2	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
24-3	Kors Nedsatt i: Fjell	Gjenfunnet og nymålt			
24-4	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
83-4	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
83-5	Gjerdestolpe Nedsatt i:				
83-6	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Eksist. grense nedsatt på nytt			
83-7	Stein med kors og vitner Nedsatt i:	Gjenfunnet og nymålt			
83-8	Offentlig godkjent grensemerke Nedsatt i: Fjell	Nytt grensemerke			

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • revisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikulering • tinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 22.11.2016 godkjent frådeling av ein utmarksparsell av gnr 54 bnr 1 på omlag 64 daa, administrativt vedtak saknr: 377/2016.

Oppmålingsforretning vart halde 16.01.2017. Ved forretninga møtte Bernt Johan Husebø for 54/1, Audun Bratshaug for 53/4 og Arne Husebø for 54/6 (kom kl. 1130). I tillegg var Helge Husebø tilstades. Eigar av 54/11 og eigar av 53/24 var også varsla, men møtte ikkje.

Parsellen som skal frådelast er skildra i utskiftinga for utmarka til garden Husebø i 1920-1922. I sør og aust grensar parsellen til garden Bratshaug (gnr 53 bnr 4) og i vest til gnr 54 bnr 6 og bnr 11. I nord grensar parsellen til sjø i Vestrevågen (Kårbøvågen).

Ved forretninga vart først grensa mot sør og aust klarlagt og gått opp. Merkestein i søraustre hjørnet vart gravd fram. Partane var samde om å setja ned nytt grensemerke (grensepunkt 83-3) i den midterste steinen og at grensa mellom 54/1 og 53/4 går herifrå i nordaustleg retning 28,06m til kross i fjell i bergknaus (grensepunkt 24-3). Audun Bratshaug hadde sett opp gjerdestolpe i krossen. Han hadde også sett opp gjerde på heile strekninga nordaustover til sjøen i det som han meinte var grenselina mellom 53/4 og 54/1. Både Audun Bratshaug og Bernt Johan Husebø meinte at fritidseigedomen 53/24 grensar til 54/1. Eigar av 53/24 bur i Skottland og hadde ikkje høve til å møta, men hadde sendt epost om at ho oppfatta at grensa hennar føl det oppsette gjerdet. 53/24 er etablert ved skyldskifte i 1979. Det vart leita fram tre gamle merkesteinar på 53/24, grensepunkt 24-1, 24-2 og 24-4 i tillegg til krossen i bergknausen, grensepunkt 24-3. Kommunen har målt inn og retta opp grensene for 53/24.

På tre av lengdemåla er det bra samsvar med måla i skylddelinga og det som kommunen har målt, mens det er avvik på den lengste sida (grensa mot 54/1). I skylddelinga står det 62m medan horisontal avstand mellom grensepunkt 24-3 og 24-4 er utrekna til 70,78m.

Grensa mellom 54/1 og 53/4 vert definert til å gå frå nordvestre hjørne av 53/24, grensepunkt 24-4 i i rett line i nordaustleg retning 177,41m til gamal kross i fjell, grensepunkt 83-2, og vidare i same retning 49,30m til nytt grensemerke i fjell, grensepunkt 83-1, vidare i same retning til sjøen og utover i sjøen så langt den private eigedomsretten går.

Den sørlege grenselina til 54/1 mot 53/4 vart deretter gått opp. Det var lite merker etter grensestolpar på denne strekninga, men det vart funne to gamle gjerdestolpar i jern (vinkeljern) med 2m mellomrom omlag 80m vest for 54/1 sitt søraustre hjørne som partane meinte stod i grenslina. Bernt Johan Husebø fortalde også at bestefaren hans hadde planta lerketre i denne grensa.

I grensa mellom 54/1, 53/4 og 54/6 skal det etter utskiftinga vera hogd kross i fjell der 17. linje startar. Denne krossen var uråd å finna, men partane vart samde om å setja ned eit nytt grensemerke i fjell der dei meinte skjæringspunktet mellom dei tre eigedomane var, grensepunkt 83-6.

I grensa mellom 54/1, 54/6 og 54/11 står den gamle merkesteinen med innhogd kross, grensepunkt 83-7.

Grensa mellom 54/1 og 54/11 mot Vestrevågen vart rekonstruert ved eit nytt grensemerke i fjell i sjøkanten, grensepunkt 83-8. Grenselina vinklar her og held fram utover i sjøen i retning midt på hytta på Saltholmen og går så langt den private eigedomsretten går.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og Leica 1205+ totalstasjon. Målingane tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandarden.

Kommunen har retta opp og matrikkelført dei nymålte grensene. Vi har også retta opp "hjelpelinje vannkant" til å følgja kystkonturen.

Parsellen har fått tildelt gnr 54 bnr 83 og er utrekna til 63 080 m².

Vegrettar: Det bør sikrast tinglyste vegrettar for 54/6 og 54/11 over den nye parsellen og over 53/4 og 53/5 fram til fylkesvegen. Vidare bør den nye parsellen sikrast tinglyst vegrett over 53/4 og 53/5 fram til fylkesvegen. Det kan også vera aktuelt for 53/4 å få tinglyst vegrett over den nye parsellen fram til ubebygde parsellar aust for 54/83. Dersom det er ønskjeleg, kan kommunen hjelpe til med å få fyllt ut skjema "Erklæring om rett i fast eigedom".

Når oppretting av den nye parsellen er tinglyst, skriv kommunen ut nytt matrikkelbrev og sender til eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på gjennomføring av forretninga og på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Sted

Frekhaug

Dato

25.01.2017

Underskrift



Vedlegg (saksdokument som kjem til under oppmålingsforretninga)				
Relevant	Dokumenttype	Forklaring	Journalpost nr.	Vedlegg nr.
	Partsliste			
	Beregningsdokumentasjon			
	Fullmakt			
	Avtaler			
	Hjemmelsdokument (matrikkelbrev, ekspropriasjonsvedtak, andelsbevis, tinglyst skjøte)			
	Arealregnskap			
	Begjæring/tillatelse til seksjonering/reseksjonering			
	Partspåstander			
	Forlik/voldgift			
	Kartvedlegg til protokoll			